



## Samtalepunkt

Bispemøtet har gitt ut heftet «Guds skaparverk – heimen vår».

Vi treng inspirasjon og mot for å møte klimautfordringane. Bispemøtet trur gudstenesta gir oss nettopp det. Når vi i dette dokumentet har valt å reflektere over denne store utfordringa og krisa i vår tid, i lys av dei ulike ledda til gudstenesta, ser vi tydeleg at klimakrisa handlar om trua på Gud og om livet vårt i Guds verd. Dessutan kan vi på ein ny måte sjå korleis livet kjem til uttrykk når vi feirar gudsteneste, og korleis Gud der møter oss midt i livet - slik det er, også i møte med denne krisa. Dette er ein ny måte å omtale klimakrisa på. Vi trur det gjer at bodskapen til oss blir klarare – og endå meir utfordrande.

Bispemøtet oppfordrar til ein brei samtale om kva som krevst for å hindre full krise i skaparverket. Med dette heftet vil Bispemøtet inspirere til handling for ei god og rettferdig forvalting av skaparverket.

Heftet nyttar det ulike ledda i gudstenesta til å vise kva eit møte mellom kristen tru, skaparverket og klimautfordringane gjer. Gudstenesta rommar alle sider ved livet, og gir styrke og mot til å møte dei.

Kyrkja må stadig minne om at vi er kalla til å vise den same omsorga for jorda som Gud har vist oss gjennom den finstemde samanhengen i skaparverket. Kampen for klimarettferd er ein del av det oppdraget Jesus Kristus kallar oss til.

I gudstenesta lovprisar og takkar vi Gud vår Skapar, Frigjerar og Livgivar. Vi søker Gud i bøn. Vi ber om tilgiving. Håpet som blir forkjent i evangeliet, gir oss mot i møte med klimakrisa, og kraft å utføre dei handlingane som krevst av oss. Det er livskraft i fellesskapet som er samla om ord og sakrament. Der blir vi alle kalla til oppgjer og oppbrot, og til å stå saman med alle menneske som vil ta eit felles ansvar for denne eine jorda vår.

Her er nokre samtalepunkt til refleksjon og ettertanke.



## Inngangsord

- «Som menneske er vi Guds forvaltarar her på jorda, men vi er òg medskaparar» står **det i** teksten. Kva trur du er meint med omgrepet «medskaparar»?
- Kva inneber det at mennesket har eit særleg ansvar for å forvalte skaparverket?
- «Overalt i skaparverket er det spor av Guds livskraft og godleik» står det i teksten. Kvar kan vi sjå eller oppleve spor av Gud i dag?
- Kva er det ved naturen du set aller mest pris på og vil takke Gud for?
- Å verne om naturen er viktig i både internasjonal, nasjonal og lokal politikk. Har du døme på dilemma der vern av naturen står i motsetnad til andre interesser?

## Syndsvedkjenning

- Teksten refererer til møtet mellom Sakkeus og Jesus. Sakkeus sitt møte med Jesus førte til store forandringar i livet til tollaren. Kva menneskemøte kan føre til forandringar i liva våre?
- Korleis kan møtet med Jesus forandre oss i dag?
- Kva er det vi må vedkjenne oss eller legge bak oss for å få ein ny start?
- Korleis kan syndsvedkjenninga gi kraft til endring og handling i møte med klimasaka?
- Kva kan du/de gjere i lokalmiljøet for å leve meir berekraftig?

## Kyrie

- Ein blind tiggjar frå Jeriko har gitt oss språk til det felles ropet vårt om hjelp: Kyrie eleison! Korleis kan Kyrie-ropa våre føre til handling og endring i liva våre?
- Korleis kan vi vere med å påverke politikarar til å ta kloke klimaval?
- Klimasorg er ein aukande menneskeleg reaksjon på klimaendringar. Mange blir fylte av ei sorg over tap av flora og fauna og biologisk mangfald. Dette påverkar òg menneske i ulike delar av verda. På kva måtar kan vi stå saman med dei kristne søskena våre over heile kloden i arbeidet for å stoppe klimaendringane?



### Gloria

- Gud blæs anden sin inn i alt som er levande. Har du sett, høyrt, lukta eller kjent på noko vakkert i skaparverket som du vil dele?
- For ei kyrkje som takkar Gud for skaparverket, er vegen kort for å ta del i klimakampen. Korleis kan takksemdu over skaparverket kome til uttrykk i liva våre og i gudstenesta?
- Norsk Salmebok rommar mange salmar om skaparverket, og har eit eige avsnitt som heiter «Gud, skaparen vår». Kva for nokre av salmane liker du best, og kvifor? Syng gjerne favoritten din!

### Dåp

- Vatn er ein viktig ressurs og ein føresetnad for alt liv på jorda. Å gi alle menneske tilgang på reint vatn er òg grunnleggande for utvikling. Reint vatn og gode sanitærforhold er eit av FNs berekraftsmål. Kva kan vi gjere for å auke merksemdu rundt dette berekraftsmålet?
- «Dåpen set oss inn i eit globalt fellesskap i heile den verdsvide kyrkja. Dåpen sitt håp om oppstoda sprenger grensene for dette livet og utfordrar oss til ansvar og kjærleik. Kjærleiken gir oss engasjement og omsorg for samfunnet, for medmenneska våre og for den verda vi er sette til å forvalte. Dåpen er eit kall til handling», står det i teksten. På kva måte tenker du dette kan kome til uttrykk?
- «Her er havet, stort og vidt, med ein tallaus vrimmel av dyr, både små og store [...]. Alle ventar på deg, at du skal gi dei mat i rett tid» (Salme 104, 25–27) Korleis kan ærefrykt for havet kome konkret til uttrykk, i kyrkje og i samfunn?

### Forsakinga og trua

- I gudstenesta ber vi både forsakinga og truedkjenningsa i samband med dåpshandlinga. Er det noko vi må forsake for å leve meir berekraftig?
- På kva måtar gjeld klimautfordringane trua på Den treeinige Gud?
- Mysteriet til inkarnasjonen handlar om at Jesus, Guds son, vart ein av oss og identifiserer seg med det skapte. Når skaparverket blir ramma av klimaendringar og når menneske lir, lir òg Gud. Korleis påverkar ein slik tanke arbeidet vårt med klimautfordringane?



## Forkynning

- «Bodskapen i evangeliet er ein bodskap om håp. Når vi møter kriser, er det lett å bli sjølvopptekne og berre ha blikk for vårt eige. Guds vilkårslause kjærleik kallar oss til å elske nesten vår og heile skaparverket. Vi kan ikkje elske Gud og nesten vår utan å ta vare på Guds skaparverk». Korleis kan denne kjærleiken til Gud, nesten vår og skaparverket kome til uttrykk i liva våre og der du bur?
- Kva kan evangeliet lære oss om korleis vi skal stille oss til forbrukar- og vekstkulturen i dagens samfunn?
- «Nøysemd, solidaritet og audmjukskap er ord vi må hente tilbake og gi ny legitimitet», på kva måte kan vi gjere det?
- Klimakrisa er òg ei diakonal utfordring. Korleis kan vi arbeide for ei større forståing for dette i forsamlinga vår?

## Forbøn

- «Vi ber om at vi får innsikt og vilje til å endre livsstilen vår, dei daglege rutinane våre, og dei til tider tankelause og ofte skadelege vala vi gjer. Det handlar om mat, forbruk, reiser, vass- og energiforbruk og forbruk av materielle gode. Vi ber om hjelp til å gjøre endringar i livet vårt, slik at vi kan leve enklare og med større respekt for kvarandre og for skaparverket». Korleis kjem desse bønnene konkret til uttrykk i gudstenesta du tek del i?
- «Handling og bønn må bli eitt», syng me i salmen «Pris vera Gud» (nr. 674). Korleis kan bønn bli til handling?
- Jesus lærte oss å be Herrens bønn. Kan du sjå noko «skaparverks-tema» i denne bønna?

## Takkoffer

- «Av ditt eige gir vi deg tilbake» heiter det i takkebønna i liturgien til kyrkja. Kva kan vi gi, og på kva måte?
- Å dele av det vi har er ein gammal kristen praksis. Kyrkja har ei særleg forplikting til å vise og nestekjærleik. Dei siste åra har vi sett dette utvikla seg, ikkje minst blant ungdommen i verda i møtet med den globale klimakrisa. Dette ser vi som eit teikn på håp i vår tid. Kva andre håpsteikn og fellesskap ser de, som legg vekt på nestekjærleik og handling?
- Å vere kyrkje i eit av dei rikaste landa i verda utfordrar og forpliktar. Økonomiske forskjellar både mellom ulike land og internt i land er ei aukande utfordring, og gjeld òg forholdet vårt til skaparverket. På kva måtar kan du/de arbeida med denne problematikken der de bur?



## Nattverd

- I Herrens bønn ber vi, «gjev oss i dag vårt daglege brød». Kva meining gir det å be denne bønna i overflodssamfunnet vårt?
- Korleis kan vi følge Jesu bod om å gi mat til fattige og samstundes ta vare på verdigheita til dei som får, og også hjelpe dei til å skaffe og produsere mat sjølve?
- I nattverden erfarer vi Guds nærvær og eit større fellesskap, og vi får tilgiving. Som eit av høgdepunkta i gudstenesta gir nattverden oss kraft til å møte kvardagen. Vi blir sende ut i verda med eit diakonalt oppdrag som Jesu disiplar. På kva måtar kan orda i nattverden bli til nestekjærlege handlingar i møte med menneske og samfunn?

## Velsigning og utsending

- Korleis kan vi leve så vi betre forstår oss som del av Guds store skaparverk og ikkje framandgjer oss frå det?
- Gudstenesta blir ofte avslutta med utsendingsorda: «Gå med Guds fred, ten Herren med glede». Det å tene Herren med glede er karakteristisk for Luthersk etikk. Korleis kan vi verkeleggjere dette i kvardagen vår?
- Kva tenker du at den unike rolla til mennesket i skaparverket inneber?
- Kva skal til for å endre dei sidene ved livsstilen vår som truar Guds skaparverk? Kva må verdssamfunnet gjere? Kva er ansvaret til politikarane? Kva kan du og eg gjere?